



# Arna vidaregåande skule



## Velkommen til Arna vidaregåande skule

Arna vgs er ein tradisjonsrik skule med omlag 300 elevar. Skulen held til på idylliske Garnes, med fjordutsikt mot Knarvik og Osterøy. Skulen vart rehabilitert i 2018 og framstår som ny og moderne.



Seimsvegen 17, 5260 Indre Arna  
Tlf. 901 55 573  
E-post: [adrian@hostmarkbygg.no](mailto:adrian@hostmarkbygg.no)  
[www.hostmarkbygg.no](http://www.hostmarkbygg.no)

Vi er en totalleverandør som sammen med dyktige underleverandører realiserer deres prosjekter.

**Nybygg • Tilbygg • Rehabilitering**



## Trivsel og tryggleik for alle

Psykisk helse og trivsel er eit viktig fokusområde for oss, og vi legg til rette for at den enkelte eleven skal oppleve tryggleik og meistring i skulekvardagen. Elevenesta ved Arna vgs består av helsesjukepleiar, skulepsykolog og rådgjevarar som følger opp elevane. Her er det lett å ta kontakt dersom du treng nokon å snakke med.

## Vi tilbyr

- eit godt læringsmiljø med kreative, engasjerte og erfarne lærarar
- tilpassa opplæring til den enkelte eleven
- eigen miljøkoordinator
- karriere- og studierettleiing
- sosiale aktivitetar
- felles møteplassar, kantine og bibliotek

## Studietilboda våre


- bygg- og anleggsteknikk
- helse- og oppvekstfag
- informasjonsteknologi og medieproduksjon
- medium og kommunikasjon
- studiespesialisering med realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi

*Du kan søke om plass på vgs på [vigo.no](http://vigo.no).*

*På [vilbli.no](http://vilbli.no) kan du lese meir om dei ulike utdanningstilboda.*

## Toppidrett – eit unikt tilbod

Arna vgs tilbyr toppidrett for elevar på både yrkesfag og studiespesialiserande. Dette er eit eineståande tilbod til deg som ønskjer å kombinere idrett og skule. Du kan velje fotball, handball, friidrett, e-sport eller andre idrettar etter avtale.



**SA**  
**SKADEALLIANSEN AS**

Damsgårdsveien 100, 5058 Bergen • [www.skadealliansen.no](http://www.skadealliansen.no)



**H - HEMRE**  
**BYGGEFIRMA**

TLF: 90 19 14 88



**NYBYGG - TILBYGG - REHAB**

Romsloveten 101, 5264 Garnes • Tlf. 901 91 488/911 21 708  
E-post: [hogne@h-hemre.no](mailto:hogne@h-hemre.no) • [www.hemrebyggefirma.no](http://www.hemrebyggefirma.no)

# Bygg- og anleggsteknikk



## Likar du praktisk arbeid og har godt handlag?

Dette er faget for deg som er praktisk anlagt og interessert i konstruksjon og materialar. Etter 1-2 år på skulen kan du gå ut i lære. Du kan også ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida. Undervisninga er variert og gir grunnleggjande kunnskapar om bygg- og anleggsteknikk. Utdanninga gir grunnlag for over 20 forskjellige yrkesvegar. Som elev på bygg- og anleggsteknikk kan du velje programfag i toppidrett, med fotball, handball, friidrett og e-sport. Vi kan også tilby andre idrettar etter avtale.

## Du lærer om

- produksjon og oppføring av nye bygningar og anlegg
- ombygging og vedlikehald
- klima og teknologi
- bruk av teikningar og berekningar
- kvalitet og sikkerheit
- materialkunnskap

## Du kan bli

- veg- og anleggsfagarbeidar
- asfaltør
- anleggsgartnar
- anleggsmaskinførar
- målar
- murar
- tømrrar
- røyrlaggjar
- stillasbyggjar
- taktekkjar
- blekkslagar
- snikkar
- glasfagarbeidar

## Vi tilbyr

- vg1 bygg- og anleggsteknikk
- vg2 tømrrar



**ABORA  
PROSJEKT AS**

ingeniør & byggmesterfirma

[www.abora.no](http://www.abora.no)



StartBANK



SATSER  
PÅ  
LÆRLINGER

**Bl Tømrrer**

# Helse- og oppvekstfag



## Er du omsorgsfull og likar å samhandle med andre?

Dette er utdanninga for deg som bryr deg og som vil jobbe med menneske. Etter 2 år på skulen kan du gå ut i lære. Du kan også ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida. Opplæringa har mykje praksis, er tverrfagleg og kombinerer teori og praksis på ein god måte.

Som elev på helse- og oppvekstfag kan du velje programfag i toppidrett, med fotball, handball, friidrett og e-sport. Vi kan også tilby andre idrettar etter avtale.

## Du lærer om

- helsefremjande arbeid
- fysisk og psykisk helse
- korleis kroppen er oppbygd
- kommunikasjon og samhandling
- barn og unges utvikling
- kost, ernæring og hygiene

## Du kan bli

- helsefagarbeidar
- ambulansesarbeidar
- portør
- aktivitør
- barne- og ungdomsarbeidar
- apotekteknikar
- helsesekretær eller tannhelsesekretær
- hudpleiar eller fotterapeut
- ortopediteknikar

## Vi tilbyr

- vg1 helse- og oppvekstfag
- vg2 helsearbeidarfag
- vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag



Lokal produsent av heltre trapper  
MED FOKUS PÅ KVALITET OG DESIGN

  
Bergen  
TRAPPEDESIGN

[www.bergentrappedesign.no](http://www.bergentrappedesign.no)

# Informasjonsteknologi og medieproduksjon



## Er du kreativ og interessert i visuelle uttryksformer?

Dette er faget for deg som er kreativ og likar IT, design og programvare. Etter 2 år på skule kan du gå ut i lære. Du kan også ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida. Vg1 gir ei spennande innføring i programmering, kommunikasjon, design og teknologi.

## Du lærer om

- idéutvikling og kreativ problemløysing
- brukarstøtte
- nettverk, IT-sikkerheit og programmering
- innhaldsformidling og historieforteljning
- foto, film og grafisk design
- kommunikasjon og marknadsføring

## Du kan bli

- IT-utviklar
- IT-driftsteknikar
- mediedesignar
- medieteknikar
- medieprodusent

## Vi tilbyr

- vg1 informasjonsteknologi og mediaproduksjon
- vg2 informasjonsteknologi

# FANA BLIKK

## TAK OG VENTILASJONSSENTERET

Send gjerne en søknad til: [post@fanablikk.no](mailto:post@fanablikk.no)  
[www.fanablikk.no](http://www.fanablikk.no)

## Søker du lære plass?

Vi er godkjent opplæringsbedrift innen:

- Tømrerfaget
- Kobber- og blikkenslagerfaget
- Taktekkerfaget

## Medium og kommunikasjon

### Er du kreativ og interessert i kommunikasjon?

Dette er faget for deg som ønsker praktisk og teoretisk kompetanse innanfor kommunikasjon, design og medieproduksjon. Her får du eit godt fagleg grunnlag for både yrkesliv og høgare utdanning. Studietilbodet er 3-årig og gir generell studiekompetanse.

Som elev på Medium og kommunikasjon kan du velje programfag i toppidrett, med fotball, handball, friidrett og e-sport. Vi kan også tilby andre idrettar etter avtale.

### Du lærer om

- forteljarteknikkar med lyd, tekst og bilde
- utforming av bodskap
- foto og film
- fjernsynsproduksjon og lyd
- grafisk design og illustrasjon
- speldesign og animasjon
- journalistikk

### Du kan bli

- journalist, tekstforfattar eller innhaldsprodusent
- webdesignar eller speldesignar
- lydteknikar, lyd- eller filmprodusent
- kommunikasjonsrådgivar eller mediekonsulent

### Vi tilbyr

- vg1 Medium og kommunikasjon
- vg2 Medium og kommunikasjon
- vg3 Medium og kommunikasjon

## Studiespesialisering

### Likar du teoretiske fag, matte, lesing og skriving?

Dette er utdanninga for deg som vil studere vidare på universitet eller høgskule. Studietilbodet er 3-årig og gir enten generell eller spesiell studiekompetanse.

Vg1 er felles for alle på studiespesialisering. På vg2 og vg3 tilbyr vi programområda Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi. Du kan velje programfag frå utdanningsprogrammet Medium og kommunikasjon.


Du kan også velje programfag i toppidrett, med fotball, handball, friidrett og e-sport. Vi kan også tilby andre idrettar etter avtale.

### Du kan bli

- psykolog
- lærar
- sjukepleiar
- lege
- ingeniør
- økonom
- jurist

### Vi tilbyr

- vg1 studiespesialisering
- vg2 realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi
- vg3 realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi



**VI HAR BYGGET BERGEN SIDEN 1884**




Vi satser på lærlinger!

**JH NÆVDAL BYGG AS**

Leirvikåsen 41 A, 5179 Godvik • Tlf. 5551 1080 • [post@naevdalbygg.no](mailto:post@naevdalbygg.no)  
[www.naevdalbygg.no](http://www.naevdalbygg.no)



## Kontakt

-  Arna vidaregåande skule  
Vestlivegen 43, 5260 Indre Arna
-  Telefon: 55 25 47 00
-  [post.arna@vlfk.no](mailto:post.arna@vlfk.no)

Ekspedisjonen er open kvar dag  
frå kl. 08.00 - 15.30. Wibeche Thunes og  
Jorun Halsøy Sekse hjelper deg gjerne.  
Velkommen inn!